

Møte : **Årsmøte NMCU Sogn og Fjordane**

Møtedato : **15. januar 2026 kl. 18:00**

Møtestad : [Årsmøte NMCU Sogn og Fjordane | Microsoft Teams | Bli med på treff](#)

Til medlemmar i NMCU Sogn og Fjordane

NMCU legg no bak seg eit innhaldsrikt og spennande år der vår organisasjon har vore særskynleg i trafikksikkerheitsarbeidet. Vi ser at vårt dedikerte arbeid held seg oppe, og at våre argument i møte med regionale og nasjonale myndigheiter får stadig meir anerkjenning i norske forskingsmiljø.

Her hjå oss i NMCU Sogn og Fjordane har vi eitt fungerande styre med fem personar. Kjønnsbalansen er særskjeiv og vi ønskjer oss innspel på fleire kandidatar til verv i styret, til å fylle oppgåva som valnemnd og som revisor. Vi manglar kvinner og yngre medlemmar særskilte velkomne inn i lokalstyret.

Vi har no etter formalisert registrering fungert i 2 år. Det betyr at vi har eit fullverdig styre som etter [vedtektene](#) skal veljast av medlemmane etter følgjande reglar:

- ✓ leiar skal veljast for to år, med val i oddetalsår
- ✓ nestleiar veljast for to år, med val i partalsår
- ✓ kasserer veljast for to år, med val i partalsår
- ✓ øvrige styremedlemmar skal veljast for 2 år og fordelast på oddetalls-/partalsår

Det er også ønskeleg at årsmøtet vel:

- ✓ to varamedlemmar for eit år
- ✓ to medlemmer som valkomite for eit år
- ✓ revisor for eit år

Dette betyr at på årsmøtet den 15. januar 2026 er leiar og minst eitt av styremedlemmane på val. Sitjande styre er alle innstilte på å ta attval.

Styreleiar	Arvid Stenehjelm	på val i 2027
Nestleiar	Knut Bøthun	på val i 2026
Kasserer	Vidar Andre Heier	på val i 2026
Styremedlem	Jeroen Mosman	på val i 2026
Styremedlem	Geir Lyngaas	på val i 2027

Innkalling til årsmøte

Innkallinga

Årsmøtet vert gjennomført digitalt på Teams den 15. januar 2026 klokka 18:00.

Vi kallar med dette inn til årsmøte i NMCU Sogn og Fjordane.

Om du har saker som du ønskjer skal handsamast på årsmøtet må du sende kretsstyret v/
Arvid Stenehem arvidstenehem737@gmail.com i hende seinast 01.01.2026 / to veker før
årsmøtet.

Styret i NMCU Sogn og Fjordane ønskjer deg ei fin juletid og nyttårsfeiring! Vi håper du
logger deg inn på årsmøtet. Møteinnkalling og link til møtet vert sendt som e-post.



DAGSORDEN

Sak 1: Opning

Kretsstyret sin leiar Arvid Stenehem ønskjer velkommen til årsmøte i NMCU Sogn og Fjordane

Sak 2: Konstituering

a) Registrering av stemmer

Frå vedtektene:

- §2-1: Medlemskap i NMCU er personlig og åpent for alle som er villige til å følge NMCUs vedtekter. Medlemskapet trer i kraft når kontingent er betalt og registrert i medlemsregisteret. Medlemskapet er gyldig så lenge kontingentinnbetaling opprettholdes, eller til medlemmer melder seg ut, eventuelt ekskluderes, ref §10.
- §6-2: En krets utgjøres av NMCUs medlemmer i det aktuelle geografiske området
- §6-5: Til kretsårsmøtet har alle medlemmer som har fylt 16 år tale-, forslags- og stemmerett.

b) Godkjenning av innkalling og dagsorden

- §6-4: Kretsårsmøtet er kretsens høyeste organ. Kretsårsmøtet avholdes innen utgangen av januar. Nøyaktig sted og tidspunkt bestemmes av kretsens styre. Innkalling med dagsorden kunngjøres på NMCUs hjemmeside senest fire uker før årsmøtet. Saker som ønskes behandlet av kretsårsmøtet, må være kretsstyret i hende senest to uker før kretsårsmøtet.

Frå vedtektene:

c) Val av møteleiar

- a. Framlegg på Arvid Stenehem

d) Val av 2 referenter

- a. Framlegg på Knut Bøthun og Geir Lyngås

e) Val av 2 personer til å underskrive protokollen

- a. Framlegg på Knut Bøthun og Geir Lyngås

Sak 3: Kretsstyret si kunngjering for driftsåret 2025

Lokalstyret har hatt to styremøte og aktiviteten har vore knytt til stand på «Sjå oss dagen» i Sogndal sentrum i samarbeid med "Vaormønstringen" til Sogndal amcarklub. På førehand sendte vi ut pressemelding til alle media i heile Vestland fylke. Vidare var vi på stand på [NMCF](#) (Norsk MC-Forhandler Forening) sine aksjonsdagar 13. og 14. juni 2026. I vårt fylket er det kun Førde motorsport som er knytt til den bransjeforeininga. Vi var der på stand fredag 13. og laurdag 14. juni. Dette er den såkalla Trafikksikringsdagen (TS-dagen) som NMCU og bransjen samarbeider om.



Kretsleiar har delteke i 12 kretsleiar møter med NMCU sentralt samt kretskonferansen. Alle gjennomført på Teams. Vidare har kretsleiar får høve til å delta i Møre og Romsdal sine to årlege møter under overskrifta MC-Forum. Her deltek og leiar fylkeskommunen, vegvesenet, politiet og styreleiar Olea Kvalsvik i NMCU. Forumet representerar vegeigar vegforvaltar og trafikkmynde samt interesseorganisasjonen vår. Det har vore arbeidde lenge med å få opp eit slikt fora for Vestland fylke. MC-Forum Vestland er no på tampen av 2025 etablert og vi ser fram til å kunne bruke dette fora som ein god årleg møteplass. Det vert truleg lagt opp til fire møter i året.

Sak 4: Revidert rekneskap for driftsåret 2025

Vår økonomi er svak då vi gjennom heile vårt virke kun har hatt to innbetalningar/overføringar frå NMCU sentralt. Kretsstyret har ikkje hatt andre inntekter. Kvar overføring frå NMCU sentralt har vore på kroner 4 000,-, til saman kr. 8000,-. Etter at vi den 29. april 2025 fekk etablert ein bedriftskonto i Sparebanken Norge har vi kjøpt noko standmateriell. Som det går fram av faksimila under er dette ein paviljong/standtelt og tre banrar med logoen til NMCU. Vår saldo pr i dag 3. desember er kr. 4 401,92.

1. jan. 2025 - 3. des. 2025 ✕		
6 transaksjoner Inngående saldo: Ikke tilgjengelig Utgående saldo: 4 401,92 kr		
Transgebyr Nettbank Bedrift	-1,50	✓
15. juli - Gebyr - Transgebyr Nettbank Bedrift		
Transgebyr Nettbank Bedrift	-1,50	✓
17. juni - Gebyr - Transgebyr Nettbank Bedrift		
JYSK AS	-1 195,08	✓
2. juni - Betaling - Paviljong til stand for NMCU Sogn og Fjo		
A1 Reklame AS	-2 100,00	✓
26. mai - Betaling - 3stk banrer med NMCU logo - a 2,5 meter		
Årspris Visa Business debet	-300,00	✓
26. mai - Gebyr - Årspris Visa Business debet		
Arvid Stenehjøm	8 000,00	✓
29. apr. - Innbetaling - Flytter pengane til nyoppretta bedriftskonto		
Viser transaksjoner i perioden 1. jan. 2025 - 3. des. 2025		

Sak 5: Innmelde saker

Ingen kjende innspel til no – fristen vert 1. janauar 2026

Sak 6: Kretsstyret sitt forslag til retningslinjer og plan for driftsåret 2025

Det føreligg ingen konkrete planar utover «Sjå oss dagen» og TS stand bransjen sine tilstellingar. Om vi får betre økonomi vil vi be oss inn på skulebesøk/vidaregåande skular og til trafikkskular i fylket. Elles vere budd på å delta på ymse arrangement rundt i fylket. Vi legg også opp til å formalisere vidare samarbeid med NMCU Hordaland gjennom MC Forum og å delta på felles stand.

Sak 7: Kretsstyrets forslag til budsjett for driftsåret 2025

Vi treng å kjøpe inn informasjonsmateriell og t-skjorter etc med NMCU logo. Om vi får romslegare økonomi må kunne kompensere for reiseutgifter vi får ved å delta på ulike arrangement. Kasserar og resten av styret får skrive inn meir her.

Sak 8: Val

Slik det går fram av statuttane skal styret veljast på partalsår og oddetalsår for to år i slengen. Eg ber styret gå gjennom dette å sikre at eg skriv rett. Eg håper inderleg at vi heldt på vidare.

Eg håper vi får innspel på aktuelle kandidatar og at kjønnsbalansen vert betre. Vi treng varamedlemmar og vi treng fleir interesserte til å ta verv. Vi treng to varamedlemmar for eitt år, to medlemmer som valkomité for eit år og ein revisor for eit år.



Innkalling til årsmøte

Sak 9: Avslutting av årsmøtet

Med venleg helsing

Styret i NMCU Sogn og Fjordane